

Valgkampen
skrevet av kandidat 11

Eit eksibisjonistisk og musikalsk rollespel

Kjekt å ha:
Penn og papir
Ein hatt eller bolle
Minst fem spelarar
Heimekaraokeanlegg, pianist eller lite orkester(Valgfritt)

Spelet handlar om ei gruppe kandidatar som konkurrerer om å bli valgt inn i eit viktig verv, til dømes president i USA. For å nå målet må dei gjennom ei rekkje valgrundar, og kandidatar fell ut undervegs til ein står sigrande tilbake.

Førebuingar:
Ein spelar har rolla som debattleiar. Rolla til debattleiaren er å piske opp stemninga, samt halde styr på taletida til kandidatane. Spelarane kan trekkje lodd, eller peike ut ein debattleiar. Resten av spelarane skal vere kandidatar.

Rollelagings:
Kvar kandidat må ha eit namn og ein kampsak eller kjepphest. Kvar kandidat må også ha tre songar: Ein valgkampsang, ein sigerssong og ein nederlagssong. Songane skal spegle kandidatane sin personlegdom og/eller agenda. (Ei rolle basert på Barack Obama kunne til dømes ha Change som valgkampsong.) Det er viktig at spelarane er trygge nok på rollesangane til å kunne synge dei.

Etter at rollene er laga, skriv kvar spelar ned eit diskusjonstema på ein lapp og puttar lappen i hatten.

Speling: Debattleiaren trekkjer ein lapp, og annonserar temaet for debatten. Alle kandidatane får eitt minutt taletid for å få fram sitt syn på saka og selje sitt kandidatur. Deretter trekkjer kandidatane lodd om kven som skal få framføre sin valgkampsong. Det syngjast.

Etterpå skal alle kandidatane stemme på den kandidaten dei syns har gjort det best. Akkurat som på barneskulen er det ikkje lov å stemme på seg sjølv. Debattleiaren tar imot stemmene. Den kandidaten som får færrest stemmer går ut, og får syngje sin nederlagssong. Om to eller fleire får like få stemmer, vert saka avgjort med stein, saks, papir.

Debattleiaren trekkjer nok ein lapp, og det heile gjentek seg til det er ein kandidat igjen. Den siste kandidaten er vinnaren, og vinnaren får syngje sigerssongen sin.